

**Fra:** Jenny Ellaug Følling [jenny.folling@sfj.no]

**Til:** Sigurd Erlend Reksnes []; Aleksander Øren Heen [Aleksander.Heen@sfj.no]; Gunhild Alis Berge Stang [Gunhild.Berge.Stang@sfj.no]; Bjørn Erik Hollevik [Bjorn.Erik.Hollevik@sfj.no]; Åshild Johanne Høivik Kjelsnes [Ashild.Kjelsnes@sfj.no]; Hilmar Høl [Hilmar.Hol@sfj.no]; Helen Hjertaas [Helen.Hjertaas@sfj.no]; Trude Brosvik []

**Kopi:** Tore Eriksen [Tore.Eriksen@sfj.no]; Paal Fosdal []; Postmottak Sentraladm [Postmottak.Sentraladm@sfj.no]; Svein Hågård [Svein.Hagard@sfj.no]

**Sendt:** 18.08.2016 11:48:27

**Emne:** Fwd: Innkalling til møte i FU 22.08.16

**Vedlegg:**

(Postmottaket for registrering)

### **Innkalling til møte i FU 22.08.16**

Eg kallar med dette inn til møte i FU 22.08, kl. 20.00, på Clarion hotell – Flesland.

Siktemålet med møtet er å gje nærare informasjon til FU om innhaldet i det avtaleverket som er framforhandla med Havilafjord, jf. FU-sak 73/16 til FU-møtet 24.08. I samsvar med dette vil den aktuelle FU-saka få nemninga:

«Nærare orientering om avtaleverket med Havilafjord»

Mykje av informasjonen vil vere konfidensiell og underlagt teieplikt. Ein må difor pårekne at møtet vil vere lukka.

Nemnde informasjon må gjevast i fysisk møte. Det er diverre ikkje vere mogleg å halde møtet tidlegare. Dette både av praktiske grunnar og fordi fylkesordførar og fylkesrådmann i dag og i morgon er fullt engasjert i pågåande regionforhandlingar.

For ordens skuld:

- Denne innkallinga kjem i tillegg til avtalte og utsende innkallingar til møte i FU 24.08 og FT 26.08.
- Det er framleis ein ambisjon at fylkesrådmannen måndag 22.08 skal leggje fram si tilråding til FU 24.08.
- FT 26.08 er innkalla til kl. 10.00. Eg ønskjer då å opne for gruppemøte allereie frå møtestart slik at forhandlingane i FT startar først når gruppene har avslutta sitt arbeid.
- Kvar einskild må tinge ev. overnatting på Clarion hotell frå 22.-23.08 viss ein har behov for det.

Vel møtt!

Med beste helsing

Jenny Følling

Fylkesordførar